
Saksnr: 2020/72195-3
Saksbehandlar Ingebjørg Erikstad
Dato: 10.11.2020

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Vestland fylke som antirasistisk sone - status pr november 2020

Fylkesrådmannen viser til møte i administrasjonsutvalet 09.09.2020 der fylkestinget sitt vedtak om Vestland som antirasistisk sone var tema for innleiing og drøfting.

Fylkesrådmannen har no organisert arbeidet med oppfølging av fylkestinget sitt vedtak om Vestland som antirasistisk sone som eit prosjekt. Fylkesrådmannen er oppdragsgjevar og fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering er prosjekteigar og koordinerer oppfølgingsarbeidet i administrasjonen. Toppleiargruppa (fylkesrådmannen og fylkesdirektørane) er styringsgruppe for det administrative arbeidet.

Fylkesrådmannen sitt mål er at Vestland kan vere eit føregangsfylke for arbeidet mot rasisme, og at antirasismearbeid har eit langsiktig perspektiv, og skal vere ein integrert del av alt vi gjer.

Den enkelte sektor vert no utfordra til å avklare si rolle, sitt ansvar og sine oppgåver og arbeidsmåtar, og tilpasse arbeidet med antirasisme til si verksemd ved å:

- a) Gjere kort greie for kva kunnskapsgrunnlag dei legg til grunn for sitt arbeid
- b) Bidra med ei enkel kartlegging av kva som alt vert gjort innan sektoren sitt ansvarsområde
- c) Vurderer kva tiltak som ev kan setjast igong på sektoren sitt ansvarsområde for å følge opp fylkestinget sitt vedtak
- d) Vurdere korleis sektoren kan bidra ut mot kommunar, arbeidsliv, sivilsamfunn for å etablere samarbeid om å nå målet om Vestland som antirasistisk sone.

Det vert lagt opp til at alle hovudutvala tek opp Vestland fylke som antirasistisk sone på første møte i 2021. Det vert utarbeidd eit felles notat til utvala som grunnlag for desse drøftingane. Utvala kan då legge sine strategiar for vidare arbeid.